



Reidar og Bjørg har vore faste campinggjester i Uskedalen sidan 2004

**Reidar og Bjørg Eidnes frå Lofthus er trufaste gjestar på Rabben Camping. Dei vart tipsa om Uskedalen frå eit venepar i 2004. Det var då ei campingvogn med spikertelt til salgs som dei kjøpte med ein gong.**

Reidar har arbeidd med mange ting. I mange år dreiv han ein mix-kiosk i sentrumsbygget i Eidford. Dette bygget bygde han opp og eigde saman med ein kamerat. Han har også vore bussjåfør og ellers jobba med mange ulike ting. No er han pensjonist, men tar av og til ein sjåførjobb. Bjørg har jobba i barnehage, no jobbar ho i eit eldrecenter. Dei har to vaksne søner.

Dei trives særst godt på Rabben Camping, og eit godt samhald med andre på plassen. Reidar er ein sers god toradarmusiker, og vi naboar høyrer ofte glade toner frå campinga. Han har også spela i eit orkester som dei kalla Tyssefoten.

Begge to presiserte fleire gonger at vi måtte få med at Spar i Uskedalen er Noregs beste sparbutikk med fantastisk hyggelig betjening.

Takk til eit koselig ektepar.



Det kjem lystige tonar frå campingen når Reidar spelar toradar.

Tekst og foto: Reidar Myklebust  
Nett: Thor Inge Døssland